



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato
06.02.2015
Dykkar dato
02.02.2015

Vår referanse
2015/1883 542.1
Dykkar referanse
15/959

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Fylkesmannen har ikkje merknad til søknad frå Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS om utviding av areal for oppdrett av laks og aure på lokaliteten Langøy i Lindås kommune

Vi viser til søknad frå Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS datert 27. januar 2015 og oversendt frå Hordaland Fylkeskommune 2. februar 2015. Eide Fjordbruk AS søker om utvida areal for oppdrett av laks og aure på lokaliteten Langøy i Lindås kommune. Søknaden er grunngeve med at dei ønskjer å skifte ut stålanlegget med 6 stk bur à 35m * 35m, til eit plastringsanlegg med 5 stk. plastringar med omkrins frå 160 til 200m montert i rammefortøyning på 110 * 550 m. Det er ikkje søkt om endring i produksjonsvolum (MTB).

Den generelle utviklinga i næringa har gått i retning frå stålanlegg til plastringsanlegg. Plastringanlegga er sertifiserte for grovare sjø og skal tole større belastningar enn stålanlegga. Erfaringa frå stormen Nina no i januar har framskunda prosessen med utskifting av anlegget. Samstundes synes rømmingsstatistikken at det skjer rømmingar frå plastringsanlegga også.

Utsleppa frå det nye anlegget blir uendra, då det ikkje er søkt om endra lokalitetsbiomasse. Det er ikkje trong for å endre utsleppsløyvet så lenge utsleppsstaden (anlegget sitt midtpunkt) ikkje blir endra.

Med helsing

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Eide Fjordbruk AS		5640	EIKELANDSOSEN